

---

**Fra:** Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>  
**Sendt:** fredag 25. august 2017 09.46  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Kjartan Medaas  
**Emne:** Svar til varsel om OF på 45/1/17 - Saksnr. 2017870

Vi viser til motteke varsel om oppmålingsforretning på 45/1/17 i Radøy kommune, dykkar saksnr. 2017870.

Vi har tidlegare etterlyst kommunal dokumentasjon på erverv frå eigedomen, til eksisterande fortau. Vi har ikkje motteke slik informasjon endå, og må derfor gi ein påstand frå vegvesenet si side, dersom ikkje fakta dukkar opp i tide.

Vår påstand skal i så fall vere at grense mellom fylkesveg 410 og privat eigedom i dette tilfellet skal settast i fot mur, i overgangen mellom hagemur og fortau. I vestre ende, der det er flat mark, må eigedomsgrensa trekkast minimum 1,5 meter frå fortauskant, då dette er minimum langs fortau, for drifts- og vedlikehaldsbuffer. I krysset mot skulen skal siktsone tilhøyre fylkesvegen, slik at grensa her må følge kurva på muren eit stykke før den trekkast mot krysset, som avgrensing mot kommunal grunn.

Vi håpar dette kan vere avklarande for grense mot fylkesvegen.

Vi har dessverre ikkje kapasitet til å møte på oppmålingsforretning utan i dei tilfelle der det er strengt nødvendig for å løyse saka. I slike tilfelle må vi få beskjed om dette.

Med helsing  
Vigdis Tveit

**Seksjon:** Eigedomssesksjonen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516208 **Mobil:** +47 99575634 **e-post/Lync:** [vigdis.tveit@vegvesen.no](mailto:vigdis.tveit@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?